



Kårvatn Fjellutstyr starta opp i 1992, basert på ein lidenskap for godt og funksjonelt utstyr for ski, klatring og friluft. Bedrifa har sidan då vorte distriktsleieande innan sal av fjell- og friluftsutstyr til alle sesongar, og til toppturar og randonee. Butikken ligg på fjellgarden Kårvatn som ligg i Trollheimen, og er eit godt utgangspunkt for turar, både med og utan ski på føtene.

Kårvatn ligg i Todalen, ei attraktiv bygd i Surnadal kommune på Nordmøre. I Todalen bur det omkring 320 innbyggjarar, og næringslivet er tufta på treindustri og eit aktivt landbruk. Her har vi og skule, barnehage, fotballbane, treningsstudio, ny lysløype og pub.

# **KÅRVATN FJELLUTSTYR TRENG EIN DUGANDES MEDARBEIDAR!**

Jobben inneber sal og praktisk arbeid knytta til det, skriftleg og muntleg kommunikasjon med kundar, generell marknadsføring og verkstadarbeid. Dette krev at du set stor pris på variasjon i arbeidsoppgåvene og at du er ein positiv ambassadør for bedrifa og plassen elles.

Som seljar hos oss bør du ha ei glødande interesse for varene du skal selje. Oppgåva di er å gjere dei besøkande fornøgde gjennom god kundebehandling og fagkompetanse. Tidlegare erfaring frå sportsbransjen er ein fordel.

Om du i tillegg tenker at du kan passe omtalen altmoglemann, tusenkunstnar, lærevillig, sjølvgåande, gode datakunnskapar, engasjert, påliteleg, pliktoppfyllande, utstrysinteressert, innovativ, utadvent, serviceinnstilt og fleksibel. Ja, då nærmar du deg verkeleg det vi søker etter.

Då arbeidsstaden Kårvatn ligg eit godt stykke utanfor stoppestadene til offentleg transport, bør søkeren ha førarkort og disponere bil.

Løn etter avtale. 100% stilling. For meir informasjon om stillinga, kontakt Laila Kvendset Bergli tlf 71663929

**SØKNADSFRIST: 30. MARS 2015**

Søknad og CV sendast til: [laila@fjellutstyr.no](mailto:laila@fjellutstyr.no)

*Vi gir turglede!*